

Stølsheimen

STØLING OG BUFØRING

Det gamle norske ordet støl, stadul, tyder ein stad der buskapen vert samla og mjølka. Dette treng ikkje vera ein plass der det var hus. Ordet seter peikar derimot på ein bustad, og slike er omtala i Snorres kongesoger, i Sverressoga og i Gulatingslova. Men stølinga, som ein del av gardshushaldet, er langt eldre enn dette.

Beitelandskapet og stølsbruket i mange av fjellområda våre utvikla seg for meir enn 2500 år sidan, ved overgangen til jernalderen. I vikingtida må det ha vorte meir vanleg å bruka fjellområda til beite for tamdyr, og det er også funne restar etter bygningar frå denne tida.

Stølslivet var strevsamt. I 5-6-tida om morgonen måtte dei opp. Kyrne skulle leitast opp og mjølkast, og trebotta med mjølk skulle berast på ryggen attende til stølen. Mjølka vart så slegen i koller for å laga surmjølk og rømme. Til reinhald av mjølkekjerdal brukte dei brakeløg, som var eit avkok av brake, eller einer. Kjerda vart så sandskura. Etter morgonstellet måtte dei heim til garden med fersk mjølk, dersom stølen ikkje låg for langt borte. 20 liter mjølk var vanleg å bera på ryggen. Dei som ikkje kinna smør på stølen, bar rømmen heim med ein gong. Ofte var det òg slik at dei kløvja heim den halvferdige geitosten for å halda fram med den brenselsslukande kokinga heime. Slik sparte dei på den gode bjørkeveden på stølen. Einskilde stader finst det enno stolar som er i bruk, men som del av naturallushaldet og næringsøkonomien på gardane er stølinga rein historie.

På veg opp Steinslandsdalen.



Det store fjellområdet mellom Modalen, vossebygdene og Sogn er eitt av dei finaste stølsområda på Vestlandet. I eldre tid har dette området vore kalla Steinslandsheimen; i vår tid har det fått namnet STØLSHEIMEN. Kraftutbygging og verneinteresser har stått mot kvarandre her. Kjerneområdet av Stølsheimen er sikra som landskapsvernområde, medan nokre av dei eldre stølane har vorte neddemde. Ei registrering i 1970-åra omfatta nærare 40 stølsanlegg i dei sentrale delane av Stølsheimen, tilhøyrande Modalen, Høyanger og Vik kommunar.



Steinslandsstølen kring 1950.

Garden Steinsland står i matrikkelutkastet frå 1723 oppført med «Sæther 1/2 Miil fra Gaarden». Det må vera STEINSLANDSSTØLEN det her er tale om. Her var mjølkesela mura av gråstein og hadde ljore i taket. I 1894 vart det sett opp nye hus i tømmer. Det eldste tømmerhuset som står på Steinslandsstølen, er frå 1774. Den andre av stølane som høyrde til Steinsland, er i dag neddemd.

Ein av dei stølane som gjev oss eit nærbilete av stølen i gardshushaldet, er BOTNANE; ein heimstøl til garden Øvre Helland. Botnane ligg i eit bakkehell nær dalbotnen ved vegen opp til Nygard. Stølsbusa var små; det har ein naturleg samanheng med at det var tungt å frakta tømmeret til fjells. Dei fleste stølane til Modalsgardane hadde ei felles stølsstove, der stølsjentene budde. Kvar gard hadde også eit eige sel, der dei hadde mjølkestellet. Selet og stølsstova hadde to rom: skotet og selet.

I skotet var det eldstad, og her gjekk ystinga føre seg: mysost og geitost, dersom det var ein geitestøl. I det inste rommet, selet, var det hyller til mjølk og



Frå Steinslandsstølen.

rømme, og dersom stølen ikkje hadde stølsstove, var her også seng. Stølane låg alltid attmed ei elv eller ein bekk, og det måtte dessutan vera god skog til stølsved i nærleiken.

Det vanlege var å buføra i den første veka i juli, og så var dei på stølen i sju-åtte veker. På Steinsland var 6. juli fast buferdsdag til Instestølen. Her var det dessutan gammal skikk at ein skulle buføra heim att til barsok, 24. august. Barsoknatta flytta huldrefolket ned frå fjellet og inn på stølen. □